

Besøkstjenesten i Meland
v/ Meland Frivilligsentral

Trivselskomiteen
v/ Kirsten Jensen
Hammaren 9 5918
Frekhaug

Søknad om støtte til Besøkstjenesten i Meland.

Besøkstjenesten – kven er vi?

Besøkstjenesten i Meland er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen i Meland, Nordhordland Røde Kors og Meland Kyrkjelyd. Organiseringa av arbeidet blir utført av ei resursgruppe med ein representant frå kvar gruppe. Leiar og koordinator er Unni Ay frå Nordhordland Røde Kors, og dagleg leiar i Frivilligsentralen er sekretær og støttespelar for gruppa. Alle besøksvennane har underteikna ein taushetsserklæring og har fått eit 3 timars kurs i regi av Røde Kors Hordaland spesielt retta mot besøkstjeneste. Vi ynskjer og å tilby eit førstehjelpskurs for alle som er frivillige i løpet av hausten. Våren 2015 hadde vi ein rekrutteringskampanje som resulterte at vi gjekk frå 6 til 16 medlemmar.

Besøksven.

Besøkstjenesten i Meland har for tida knytta til seg 16 frivillige som utfører ulike oppdrag på førespurnad. Vi har ein besøksven teneste som går ut på at ein som ynskjer kan kontakte oss direkte eller via Meland frivilligsentral for å finne ein som ynskjer å gi av si tid. Etter eit møte med koordinatoren for Besøkstjenesten avtaler dei to detaljar om vidare aktivitet.

Gruppa vi ynskjer å nå med tilboden er variert frå eldre som bur heime, menneske på institusjon, som slit med psykiske problem eller på anna måte kjenner seg einsame, og treng ei støtte for å bli meir sosiale og/eller aktive.

Det er i all hovudsak ei ordning kor det kjem ein person heim til deg til avtalt tider, men kva aktiviteten går ut på er variert: kaffi og ein prat, en liten tur i nærområdet, handletur, leksehjelp, språktrening, kjøretimar m.m. Dei fleste som ynskjer denne tenesta er eldre eller uføre som bur heime, men vi har og ein auka pågang frå flyktningar.

Nye tilbod:

Auken i medlemmar gjer at vi kan i større grad tilby og utvide våre tenester og gå meir aktivt ut for å finna brukara og utvida tilboden. I haust har vi eit nytt i samarbeid med Meland Sjukeheim. Vi vil etablira eit fast program med aktivitet på sjukeheimen med onsdagsaktivitetar. Det vil bli ei tralle med kioskvarer som er innom alle, vaffelsteiking og sosialt samvær i stova med synging og lesing, bingo m.m. Gruppa som skal drive dette er i gang, men det er enno ikkje utarbeidd eit program.

Denne typen tenester er veldig viktig for oss å kunna tilby, men og veldig viktig i forhold til rekruttering av nye frivillige i besøkstjenesten som ikkje ynskjer å binda seg i eit meir langvarig og personleg engasjement retta mot ein spesifikk person.

Dei frivillige:

Det er og viktig for oss på ta godt vare på våre frivillige. Det er viktig at dei føler seg trygge i rolla og får den opplæringa og støtta dei treng med arbeidet. Det sosiale mellom dei som er frivillige er òg ein vesentleg faktor når det kjem til å rekruttere nye og holde på frivillige krefter. Det blir derfor arrangert ulike møter, kurs og sosiale treff.

Søknadsomfang:

Vi ynskjer å søka trivelskomiteen om 10 000,- til drift av tenesta og innkjøp som trengs til ei utviding av tenestane i forhold til Meland sjukeheim. Mellom anna vil ei støtte her gå til innkjøp av ei låsbar tralle med kioskvarer til tralletjenesten, og ein konto som ein kan hente ut varer til tralla.

Døme på utgifter:

Innkjøp av tralle til besøkstjenesten, kioskvarer, refusjon reiseutlegg ved bruk av eigen bil til besøksvener på oppdrag, servering ved kurs og møte og utlegg ved ulike sosiale arrangement for besøksvennane.

Om det er noko de lurer på eller ynskjer vi kan utdjupe ytterligare er det berre å ta kontakt med Ane Bysheim (Ane.Bysheim@meland.kommune.no, Tlf.: 56171066) på Meland frivilligcentralen eller med leiar Unni Ay (besokstjenesten@nhrk.no, Mob: 90916463).

Med venleg helsing,

Ane Bysheim
Fungerande dagleg leiar
Meland Frivilligcentral